

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 33/2005

Møtedato: 15.6.05

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot – stølsvegen Øvre Nøsen-nord, ny behandling

Stølsvegen søker om tilskot til opprusting av veggen som vart utført i 2004.

Utgifter sist år var kr 38.461. Dette fordeler seg på kr 17.856 til vedlikehald, kr 17.980 opprusting og kr 2.625 til diverse utgifter. Det er ingen inntekter til veggen og dei har ingen egenkapital.

I sak 11/2005 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 9.000 til utbetring av stølsvegen.

Sigbjørn Ødegård opplyser at heile tiltaket i realiteten er å rekne som anlegg. Veggen er no godt oppbygd og det trengst minimalt med vedlikehald i framtida. Stølsvegen har ikkje bom eller andre inntekter. Veggen er dessutan mykje brukt av turistar som skal på Knippa og Nøsakampen.

Han ber derfor fjellstyret vurdere å dekke halvparten av totale utgifter til opprustingsarbeidet, dvs kr 9000 i tillegg til det som tidlegare er gjeve.

Vedtak

Fjellstyret har etter ny vurdering av søknaden funne å gi eit ekstra tilskot på kr 9.000 til utbetring av stølsvegen. Samla tilskot til stølsvegen blir kr 18.000.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Øvre Nøsen-nord v/Sigbjørn Ødegård